



Koseleg med påskefrukost!

I barnehagane har borna mykje kjekt og lærerikt. No før påske lærer dei om påske, og dei gjer det på ein måte som gjer at dei kjem i påkestemning. Frå Uskedalen barnehage har vi motteke denne koselege påskehelsinga som vi er bedne om å formidla.



Mykje godt!

Hysj.... Høyrer du?

Det er påskehøgtida som kjem, og snart «bankar på døra».

I barnehagen vår er vi godt førebudd til å ynskja påsken velkommen «inn».

I vekene som har gått har vi laga påskepynt, sådd karse, vore på påskevandring i kyrkja, sunge songar om høgtida, og vore på tur å kikka etter påkeharen..... Kjem påkeharen snart trur du?

Påkeharen brukar jo å komme når vi har påskefrukost i barnehagen vår.

Påskefrukost da er stas.

Ungane som har vore med på denne tradisjonen før, gledar seg, og ventar veldig på denne dagen. Påskefrukost er ein viktig tradisjon i barnehagen vår.

Så var endelig dagen her: PÅSKEFRUKOSTEN.

Mamma og pappa har fått invitasjon.

Små og store har planlagt, rydda, handla, laga mat og pynta med gule lys, dukar og påskepynt. Alt var klar når gjestene våre kom.

Vertskapet(barna i barnehagen vår) stråla. Det er så kjekt å ha besøk, særskilt når det er nokon vi er ekstra glad i, og det er stas å vise fram barnehagen sin.

Å veit du kva? Jammen hadde påkeharen også i år gøymt eit påskeegg i barnehagen vår.

Små og store i Uskedalen barnehage vil med dette ynskja alle ein strålende god påske.



Så flott!!!



Fine påskekyllingar.



Kjekt med besøk!



Her var mykje godt på påskefrukostbordet.

Tekst og foto: Ann Irene Sæle
Nett: Thor Inge Døssland